

Rafal Reng  
Maråsvegen 146  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/12434 - 21/330

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
06.01.2021

## Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt - gbnr 90/8 Hauge

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: 90/8

**Tiltakshavar:** Delfina Monika Banasik-Reng og Rafal Reng

Alver kommune har motteke melding om at det har vore eit eigarskifte for gbnr. 90/8 Hauge i 2020.

Brev med informasjon om avvik i septiktanken og i området rundt den vart sendt ut til tidlegare eigare i fjor.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Alver kommune mottok den 26.06.2020 melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 23.06.2020 vart registrert at lokket på septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Maråsvegen 1 46, 5955 Lindås, er eit usikra trelukk. Når septiktanken ikkje har påmontert eit sikra lokk, er det lett å opne og kan føre til fare for liv og helse og for at born eller dyr kan falle ned i tanken. Det vart og rapportert om dårleg framkomst til tanken. Norva24 AS ber om at framkomsten må vere rydda til  **neste tømning i 2022**. Brev om dette vart sendt til dåværande eigare den 07.09.2020.

Septiktankar som ikkje har påmontert sikra lokk, vil vere ei fare for liv og helse og for at barn og dyr kan falle ned i tanken og bli sjuke. Frist for å sikra tanken med eit forsvarleg lokk vart satt til **22.09.2020**.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra.

Førehandsvarsel med pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt vart sendt ut den 12.11.2020 med frist for retting **15.12.2020**.

Alver kommune mottok ein telefon den 17.11.2020 frå tidlegare eigar, Cecilie Karin Bontvedt, med informasjon om at bustaden med gbnr. 90/8 var blitt selt i juni 2020 og at nøklar vart blitt overlevert til nye eigare i september 2020.

Vi avtala at ho skulle beskjed til dei nye eigarane om at utbetringa måtte bli gjort og at frist for utbetring av lokket vart satt til seinast **15.12. 2020**. Nye eigare vart oppmoda til enten å sende inn ein e-post når lokket var utbeta, eller sende inn utfylt tilbakemeldingsskjema til Alver kommune.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje dykk som grunneigaren å montere eit nytt lokk på tanken slik at den tilfredsstillar dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. Dette må gjerast umiddelbart. I dette brevet finn de informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I plan- og bygningslova (PBL) § 32-1 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal forfølgje brot på føreseger gitt i eller i medhald av loven. Etter PBL § 32-3 kan kommunen gje den ansvarlege pålegg om retting av det ulovlege tilhøve som er i strid med § 28-6.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt**

Kommunen reknar septiktanken dykkar som ikkje tilfredsstillande på grunn av manglande sikring i forhold til pbl § 28-6.

Som følgje av det ovannemnde vil kommunen å påleggje dykk å rette opp tilhøve.

### **Varsel om pålegg og tvangsmulkt**

Med heimel i pbl § 32-2 varslar Alver kommune om at vi vil påleggje dykk å utbetre manglande sikring i tanken dersom vi innan **27.01.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå dykk om at de allereie har gjort dette.

Med heimel i pbl. § 32-5 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsanlegget ikkje er sikra **innan 27.01.2021**.

Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom.

### **Frist**

Dokumentasjonen må sendast kommunen snarast og seinast **innan 27.01.2021**.

### **Kva kan de gjere no?**

For å unngå pålegg må de gjere følgjande:

- Montere eit nytt, forsvarlig lokk med lås på tanken.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at de har utført retting, samt biletedokumentasjon.

**Dykkar rettår:**

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om retting. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

**Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.**

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

**Aktuelt regelverk**

- Plikt til å sikre basseng og brønn på eigedommen følgjer av pbl § 28-6.
- Kommunens plikt til å forfølge brot på føresegner i plan- og bygningslova er gitt i pbl § 32-1.
- Kommunens plikt til å gje pålegg om retting, ilegge tvangsmulkt og utferdige førelegg følgjer av pbl kapittel 32.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Delfina Monika Banasik-Reng  
Rafal Reng

Maråsvegen 146  
Maråsvegen 146

5955 LINDÅS  
5955 LINDÅS